



Byggesaksavdelinga  
Siril Sylta

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3238 - 19/37811

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
17.12.2019

## Løyve til deling etter jordlova på gbnr 126/3 Hope

**Administrativt vedtak. Saknr: 786/19**

### Vedtak

**Lindås kommune gjev løyve til omsøkt deling på gbnr 126/3 Hope. Grunngevinga framgår av saksutgreiinga. Det vert sett vilkår om at restarealet på om lag 380 dekar vert tilleggsjord til ein landbrukseigedom i aktiv drift. Vedtaket har heimel i § 12 i jordlova.**

**Mynde :** Saka vert handsama av Landbrukssjefen etter delegert mynde frå Rådmannen.

### Saksutgreiing

#### Saka gjeld :

Det vert søkt om deling av gbnr 126/4 Hope. Det vert søkt om å dele frå tunet på eigedomen mot at restarealet vert seld til naboeigedomen gbnr 126/4 Hope. Før restarealet kan verta tilleggsjord til gbnr 126/4 må eigar av gbnr 126/4 få konsesjon før kjøpet kan tilnglysast.

#### Loverket :

Saka skal handsamast etter jordlova då den aktuelle eigedomen , gbnr 126/4 Hope, er ein drivverdig landbrukseigedom.

#### Landbrukseigedomen gbnr 126/3 Hope :

Eigedomen har eit totalareal på 581,1 dekar. Av dette er heile 15,4 dekar fulldyrka-/overflatedyrka jord. Innmarksbeite er 2,4 dekar. Vidare er 65,1 dekar produktiv skog, 297,4 dekar anna utmark og 2,1 dekar er tun/veg/bygg. Av bygningar er det våningshus, driftsbygning og to mindre uthus.



## **Jordlova § 12 Deling**

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Vedtaksmynde er overført til kommunen og fylkesmannen er klageinstans. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon , eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida , kan samtykke til deling ikkje gjevast utan at det er gjeve samtykke til omdisponering etter § 9

Ved avgjerd om samtykke til deling skal gjevast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter førre avsnitt ikkje ligg til rette for å gje samtykke til deling, kan samtykke gjevast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

### **Landbrukssjefen si vurdering etter § 12 i jordlova :**

Delinga legg til rette for ein tenleg bruksstruktur. Etter at delinga har skjedd vil restarealet på om lag 380 dekar verte slått saman med naboeigedom og bli del av ein robust og framtidsretta landbrukseigedom. Areal vert ikkje omdisponert ved delinga og dyrka jord går ikkje tapt. Dette talar for ei deling.

Det er uheldig med ein frådelt bustadt inne i eit aktivt landbruksområde, men fordelene med bruksrasjonaliseringa ein oppnår vil vere større enn dei potensielle driftsulempene.

Kulturlandskapet vert ikkje råka av delinga.

### **Konklusjon :**

Det vert gjeve løyve til omsøkt deling med vilkåret om at restareal på om lag 380 dekar vert seld som tilleggsjord til nabobruk i aktiv drift.

### **Gebyr :**

Det vert sendt sakshandsamingsgebyr på kr 2000 for handsaming etter jordlova § 12 jfr punkt 15.2.1 i Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2019.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kjartan Nyhammer

landbrukssjef

Landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Byggesaksavdelinga  
Mongstad Vekst AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ